

Bleie


IS TIL ENGLAND

«Det var eit eventyr dette, at det kom store skip frå framande land, for å henta ein so enkel ting som is. Dei kom med eit pust frå den store verda, til eit lite og avgøymt bygdesamfund,» skriv lokalhistorikaren Knut L. Måge.

Bleie i Ullensvang og Bondhus i Kvinnherad var sete for ei utradisjonell næring på 1800-talet: sal av bre-is for eksport. Mest is vart skipa ut frå Skiparvik ved Bleie. Isen her var lettast tilgjengeleg; frå Fonna rasa isen ned, minst 100 meter, og samla seg i ei isur. Derfrå halla terrenget jamt ned til sjøen.

Islaster gjekk frå Bleie til England frå 1825 til 1875, men høgst uregelmessig. Transportarbeidet var hardt, mykje av isen vart frakta på ryggen. I 1852 henta skipet «Countess» frå Warwick 300 tonn i ei last, med 276 lokale kvinner og menn engasjerte i transportarbeidet.

Sjølv om enkelte laster gav gode inntekter, vart det aldri storindustri. Ein prøvde å blåsa nytt liv i næringa med bygging av ei isbane, hovudsakleg i tre, i 1874. Det vart ein fiasko – konstruksjonen var for veik, og bana vart teken ned kort tid etter. Det finst framleis jarnrestar frå isbana.



«Isrenden er bygget hovudsagelig af tynde Spirer og begynder i et Dalføre eller Dju. Fonden styrter ned ved en Høide af 2200 Fod over Havet, og fører over Gårdene Reisetser, Måkestad og Bleie ned til Skjeppervigen. Længden er circa 8000 Fod, Heldningen 1 på 3 til 1 på 4. Ved Søen ender Rænden i en stor Bøining, idet den svinger udover langs Fjorden og løber vandret med denne ca. 300 Fod og ender i et 2 Etages Pakhus 50 Alen langt og 20 Alen bredt, som er opført til midlertidig Opbevaring af Isen.» («Bergensposten», 23. august 1874). Illustrasjon frå «Illustreret Nyhedsblad» 1875.

ÅRVISSE SNØSKRED

Sør for VELURE stuper fjellsidene frå 1500 meters høgd rett ned i Sørfjorden. Ingen stader langs fjorden går snøskreda så ofte som her. Langs fjellkammen frå Vardanuten og nordover mot Rundenuten byggjer det seg opp store snøskavlar med vestavinden, særleg med nordvesten. Når skavlane losnar av si eiga tyngd, eller på


grunn av omslag til mildvær, sopar dei òg med seg snøen i fjellsida ned mot fjorden. Krafta i skreda kan bli enorm, og snømengdene nede ved fjorden kan vera så store at det kan liggja skredsnø til langt ut i august. Skog klarar naturleg nok ikkje å veksa opp i skredbanene.

Skredene har eigne namn, frå sør mot nord

blir dei kalla Lindeskrede, Bersåskredene, Kveldsflotskrede, Nesåskreda og Svinaskreda. Sjølv om riksvegen for lenge sidan har fått skredoverbygg, har det hendt at litt av skredsnøen har gått utanom og stengt vegen.



Snøskred over vegen på Velure i 1960 (t.b.) - her er det laga opning ved hjelp av sjøvatn. Også Åkre litt lenger sør langs fjorden har vore råka av mange skred. På biletet frå 1914 er det vår; og snøen er smelta, berre skredet ligg att.



Odd Åkre